Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Sogn og Fjordane fylkeskommune- Behov for mindre endringar i forskrifta

Stortinget har vedteke endingar i opplæringslova/forskrift til opplæringslova som får konsekvensar for vår lokale inntaksforskrift.

Det gjeld endring i Oppl.lova §13-3, Plikt for fylkeskommunen til å sørgje for vidaregåande opplæring -nytt andre ledd: (Omtala som «friare skuleval»)

Fylkeskommunar som har ledig kapasitet, har plikt til å gi tilbod til søkjarar frå andre fylke. Heimfylket skal refundere utgiftene til vertsfylket for dei som får skoleplass i eit anna fylke enn der dei bur. Departementet gir forskrift om slik refusjon.

Lovendringa trådde i kraft 1.8.2016.

Som konsekvens av lovendringa fell tidlegare ordning med at heimfylka gav gjesteelevgaranti, for søkjarar som søkte til andre fylke, bort.

I tillegg har juridisk sjef peika på at ordet «tilbod» i §2 bør erstattas av eit meir presist uttrykk. Tilbod blir erstatta av «programområde».

Framlegg til endringar i lokal forskrift:

§2 Inntaksområde

Vedteken ordlyd:
For søkjarar til tilbod fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkesrådmannen kjøpe skuleplassar eller gje gjesteelevgaranti i andre fylke. Dette gjeld berre søkjarar med ungdomsrett.

Framlegg til ny ordlyd:
For søkjarar til programområde fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkesrådmannen kjøpe skuleplassar i andre fylke. Dette gjeld berre søkjarar med ungdomsrett.

Vedteken ordlyd:
Fylkesrådmannen kan gje gjesteelevgaranti for søkjarar med ungdomsrett til andre fylkeskommunar etter individuell vurdering, dersom det er tungtvegande grunnar for dette.

Framlegg til ny ordlyd:
Fylkesrådmannen kan kjøpe skuleplass for søkjarar med ungdomsrett til andre fylkeskommunar etter individuell vurdering, dersom det er tungtvegande grunnar for dette.

§6 inntak på grunnlag av prestasjonar i idrett.

§6-11 i sentral inntaksforskrift regulerer høve til å tildele inntil 50% av plassane på vg1 musikk, dans og drama og Vg1 idrettsfag på grunnlag av ferdigheitsprøve.

Tre skular har ordninga med «Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar», Det er Sogndal, Hafstad og Stryn vidaregåande skular. Berre Sogndal vidaregåande skule har idrettsfag, ved dei andre skulane er ordninga knytt til studiespesialisering.

Det vil vere vanskeleg å handtere at søkjarar til ordninga «Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar» ved Sogndal vidaregåande skule får gjennomføre ferdigheitsprøve, men ikkje

søkjarar til dei andre skulane. Ein har difor valt å ikkje har ferdigheitsprøve til vg1 idrettsfag ved Sogndal vidaregåande skule.

Andre ledd i §5 i lokal forskrift lyder:
Inntil 50 % av plassane på idrettsfag vg1 kan tildelast på grunnlag av ferdigheitsprøve (inntaksprøve), i tillegg til poengsum (konkurransepoeng) på grunnlag av karakterar.

Sidan det står *kan* ser ein ingen grunn til å endre ordlyden i forskrifta.

Som konsekvens av at vi ikkje gjennomfører ferdigheitsprøve ved inntak til vg1 idrettsfag, er det heller ikkje høve til å gje tilleggspoeng. Siste setning i §6 må difor endrast.

Vedteken ordlyd:
Søkjarar som vert prioriterte får 3 tilleggspoeng. Desse kjem i tillegg til konkurransepoenga.

Framlegg til ny ordlyd:
Inntaket skjer på grunnlag av konkurransepoeng. Søkjarar som vert prioriterte av Sogn og Fjordane idrettskrins og som får inntak, får tilbod om å delta i ordninga.

I tillegg til endringane som følgje av sentrale lov og forskriftsendringar er det behov for ei mindre endring i første ledd i §14. Søknadsfristen for ordinære søkjarar, 1.mars, er falt ut av teksten. I tillegg er det gjort ei tekstleg redigering av dei ulike søkjargruppene, betre tilpassa §6 i sentral forskrift

Vedteken ordlyd:
Søknadsfristen er 1. februar for søkjarar som; har enkeltvedtak om spesialundervisning, har enkeltvedtak om særskilt språkopplæring, nyleg komne til Noreg, rett til teiknespråksopplæring og søkjar om individuell behandling.

Framlegg til ny ordlyd:
Søknadsfristen er 1. februar for søkjarar som søkjer om fortrinnsrett, søkjer om individuell handsaming eller som minoritetsspråkleg søkjar. For ordinære søkjarar er søknadsfristen 1.mars.